



## 2.1.2

# Rettleiing for informasjonsansvarleg

Val av sokneråd

### Informasjonsplan – informasjonsansvarleg

Det bør utarbeidast ein *lokal informasjonsplan* for Kyrkjevalet. Planen bør vere ferdig før midten av mars 2015.

Valstyret bør finne ein som kan vere informasjonsansvarleg. Vedkomande får ansvaret for å utarbeide og følgje opp den lokale informasjonsplanen.

Det er naturleg at ansvaret for lokal mediehandtering blir fordelt på den informasjonsansvarlege, leiaren i valstyret, leiaren i nominasjonskomiteen og til ein viss grad soknepresten.

Valstyret har ansvar for

- å informere om valet, ulike valformer, kva krav som blir stilte til kandidatliste, o.a. (Reglar for val av sokneråd (sr) § 2-2)
- å kunngjøre krav til kandidatlister (sr § 7-1, jf. § 2-2)
- å offentleggjøre vallister og informasjon om kandidatane, så snart som råd og seinast 8. juni (sr §§ 7-5, 7-7, jf. § 2-2)
- å kunngjøre utlegging av manntal og framgangsmåte for å få feil retta (sr § 5-2, jf. § 2-2 og Regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet (bdr) § 2-4)
- å kunngjøre tid og stad for røysting og førehandsrøysting, kor mange medlemmer og varamedlemmer som skal veljast, o.a., innan 10. august (sr §§ 3-5 og 9-3, jf. § 2-2). Her hører det med lokal kunngjering om direkte val/valomgang til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, jf. bdr § 2-11.
- å kunngjøre valresultat (sr § 11-7, jf. § 2-2) og presentere det valde soknerådet (sr § 11-8)

Dette er informasjon som valstyret har plikt til å kunngjøre ifølgje valreglane. I tillegg bør kyrkjelyden vere oppteken av å informere om arbeidet i kyrkjelyden, kva arbeidet i soknerådet og kyrklege fellesråd går ut på, særlege saker eller utfordringar soknerådet kjem til å stå overfor i komande valperiode, osv. Slik kan kommunikasjonen omkring Kyrkjevalet medverke til å gjøre medlemmene i kyrkja medvitne om kva kyrkja er og gjer.

Det er *bispedømmerådet* som har ansvar for all annan informasjon om val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, men det er avgjerande viktig at valstyra formidlar denne

informasjonen til dei røysteføre i soknet gjennom oppslag i kyrkjelydsblad, lenkjer på internetsida til kyrkjelyden, osv.

Informasjonen/kommunikasjonsarbeidet fell i ulike fasar:

- nominasjonsfasen frå februar til juni 2015
- motivasjons- og valfasen – august–september 2015
- resultatfasen (etter valet)

### Nominasjonsfasen (februar–juni 2015)

Oppgåver i denne fasen:

- Gi informasjon om valet, ulike valformer, nominasjonsarbeidet, kva krav som blir stilte til kandidatliste, kven som kan veljast, kven som kan fremje kandidatliste, o.a.
- Offentleggjøre vallister og informere om kandidatane.

Ein skal kome med kunngjeringar i kyrkja, i lokalavis og/eller kyrkjelydsblad, på internetsidene til kyrkjelyden (om slike finst), og elles på den måten soknerådet bestemmer. Nettsidene til kyrkjelyden bør i tillegg til lokal informasjon om valet ha lenke til [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no). I nominasjonsfasen er det viktig å presentere kyrkja og kyrkja si verksemeld på ein måte som motiverer til å engasjere seg og stille til val. Ein bør arbeide for å få redaksjonell omtale i lokalaviser, regionale aviser og kyrkjelydsblad, med vekt på kva kyrkjelydane utrettar i lokalsamfunnet, og kva oppgåver soknerådet og kyrklege fellesråd har.

Det er behov for å informere om nominasjonsprosessen, om kven som kan veljast, om retten til å fremje alternative lister (SR-valet og BDR/KM-valet) og om retten til supplerrande nominasjon (BDR/KM-valet og SR-valet dersom det berre er éi liste med for få kandidatar). Eventuell supplerrande nominasjon ved SR-valet må kunngjera i tidsrommet 1.–8. mai.

Mot slutten av nominasjonsfasen (mai–juni) må listene offentleggjera saman med presentasjon av kandidatane. Dette skal skje så snart som råd etter at listene er innlerte, og seinast 8. juni 2015.

Det er utarbeidd

- 2.1.4 Rettleiing for nominasjonskomité (SR)
- 2.1.5 Rettleiing for forslagsstillerar – alternativ liste (SR)
- 2.1.6 Rettleiing for supplerande nominasjon (SR)

Desse rettleiingane kan lastast ned og spreia til alle som skal delta i nominasjonsarbeidet.

I tillegg kan det vere ei oppgåve å informere om kva høve ein har til å påverke nominasjonen ved val av bispedømmemråd og Kyrkjemøtet.

Det er utarbeidd

- 2.2.6 Rettleiing for forslagsstillerar – alternativ liste (BDR)
- 2.2.7 Rettleiing for forslagsstillerar – supplerande nominasjon (BDR)

Dessutan er det utarbeidd

- Skjema 2.1.4 Skjema for innhenting av opplysningar om kandidatane (SR)
- Skjema 2.1.5 Skjema for listeforslag (SR)
- Skjema 2.1.6 Skjema for supplerande nominasjon (SR)
- brosjyre for potensielle kandidatar om kva vernet som medlem av soknerådet går ut på, med motivasjon for å stille til val
- malar for kunngjeringsannonser og oppslag

Alt dette kan lastast ned fra [www.kyrkjevalget.no](http://www.kyrkjevalget.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no).

## Motivasjons- og valfasen (aug.–sept. 2015)

Dei røysteføre medlemmene må vite kva vala handlar om. Dei må ha kunnskap om kva oppgåver kyrkja og dei kyrklege ráda har. Dei må vite

- at dei kan røyste (har røysterett)
- kven dei kan røyste på (kandidatane ved SR-val og val av leke til BDR/KM)
- kvar og når dei kan røyste
- korleis dei skal røyste ved SR-valet og ved BDR/KM-valet

Desse rettleiingane skal kunne lastast ned fra [www.kyrkjevalget.no](http://www.kyrkjevalget.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no):

- 2.1.7 Røysterett og kven som kan veljast
- 2.3.1 Slik førehandsrøystar du (SR/BDR)
- 2.3.2 Slik røystar du på valdagen (SR/BDR)
- 2.3.3 Slik røystar du ved val av sokneråd – fleirtalsval (éi liste) (SR)
- 2.3.4 Slik røystar du ved val av sokneråd – forholdstalsval (fleire lister) (SR)
- 2.3.5 Slik røystar du ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet – fleirtalsval (éi liste) (BDR)
- 2.3.6 Slik røystar du ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet – forholdstalsval (fleire lister) (BDR)

Desse rettleiingane skal kunne kopierast opp i storleik som plakatar som ein kan slå opp i vallokalet.

Opplysningane om kandidatane blir gjorde tilgjengelege på [www.kyrkjevalget.no](http://www.kyrkjevalget.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no). Her skal ein kunne gå inn og finne opplysningar om kandidatane i alle kyrkjedalar i landet. Det blir elles utarbeidd malar for

presentasjon av kandidatane i kyrkjelydsblad, lokalpresse eller eigne brosjyrar, og malar for kunngjeringsannonser.

I denne fasen kjem alle veljarar til å få tilsendt valkort (sjå nedanfor). Det er viktig at utfyllande informasjon om kandidatane er godt tilgjengeleg. Informasjon i vallokalet må vere klar og tydeleg og gi veljarane føresetnader for å røyste, slik at det blir ei god og korrekt gjennomføring av vala.

Valfunksjonærane er ei eiga målgruppe som treng kunnskap for å kunne medverke til at valet blir gjennomført på korrekt måte.

Denne rettleiingane skal kunne lastast ned fra [www.kyrkjevalget.no](http://www.kyrkjevalget.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no):

- 2.1.7 Røysterett og kven som kan veljast
- 2.1.8 Rettleiing for røystmottakar ved førehandsrøysting (SR/BDR)
- 2.1.9 Rettleiing for røystestyre (SR/BDR)
- 2.1.10 Utstyr og innreiing av vallokale (SR/BDR)
- 2.1.11 Rettleiing – oppteljing fleirtalsval (SR)
- 2.1.12 Rettleiing – oppteljing forholdstalsval (SR)

Før valet bør det haldast eit lite kurs der rettleiingane for velfunksjonærar blir gjennomgått.

## Resultatfasen (etter valet)

Etter valdagane må valresultatet offentleggjeraast så snart råd er. Dette har valstyret ansvar for. Resultat omfattar både kven som blei valde, korleis valet blei gjennomført, og korleis deltakinga blei. Resultata bør formidlast både ved annonsering og ved redaksjonell omtale. Når data frå oppteljinga er registrerte i valmodulen, blir valresultatet i kyrkjelyden offentleggjort på [www.kyrkjevalget.no](http://www.kyrkjevalget.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no).

I denne fasen bør ein presentere dei nyvalde ráda for kyrkjelydane og for årmenta. Soknerådet bør presenterast så snart valresultatet er klart.

## Valkort

Utsending av valkort er eit sentralt tiltak for å informere om valet. Det skal sendast ut valkort til alle røysteføre medlemmer. Valkortet skal innehalde opplysningar om røysterett og om tid og stad for valet i det soknet vedkomande er manntalsført, i tillegg til ein del annan informasjon. Valkort skal sendast ut i byrjinga av august, like før førehandsrøystinga startar den 10. august.

Dette føreset at alle valstyre (sokneråd) har sytt for at dei nødvendige opplysningane er lagde inn i valmodulen i medlemsregisteret innan dei oppsette fristane. Det føreset at saksbehandlarane som er brukarar av medlemsregisteret lokalt, må få desse opplysningane i tide frå valstyret. Valkorta blir sende ut på grunnlag av medlemsopplysingane i medlemsregisteret ca. 1. juli 2015. Valkortet skal innehalde opplysningar om tid og stad for røystinga på valtinget. Det skal også leggjast inn tilvising til kvar ein får greie på tid og stad for førehandsrøysting.

For personar som på feilaktig grunnlag er oppførte i medlemsregisteret til Den norske kyrkja, skal det på valkortet vere opplyst korleis ein kan få retta opp feilen i medlemsregisteret. Dette dreier seg om personar som ikkje er døypte, som tidlegare er utmelde, eller som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja og dermed ikkje skulle

stått i medlemsregisteret. Døypte medlemmer som vil melde seg ut av Den norske kyrkja, skal følge ordinære prosedyrar for utmelding.

Det er viktig å informere breitt om utsendinga av valkort, slik at medlemmer av Den norske kyrkja som ved ein feil ikkje står oppført i registeret, kan kontrollere om dei står i registeret/manntalet. Desse kan krevje å få retta feilen ved å bli oppført i manntalet og ført inn i medlemsregisteret.

## Valportalen – [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Valportalen er sentralnervesystemet for kyrkjevalet.

Nettstaden [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no) har to hovudfunksjonar:

### **Informasjon til veljarane:**

Her vil ein for alle kyrkjelydar og bispedømme i landet finne

- kandidatlister og presentasjon av kandidatar
- røystesetlar for nedlasting
- tid og stad for førehandsrøysting
- tid og stad for val
- valresultat

Dessutan vil ein finne

- valreglane og rettleiingar om høvet til å stille alternative lister og høvet til supplerande nominasjon
- informasjon om røysterett og kven som kan veljast
- ein måte å finne sin eigen kyrkjelyd på gjennom adressesøk
- nødvendig informasjon for å kunne røste ved soknerrådsvalet og ved bispedømmerådsvalet – direkte val / direkte valomgang

### **Informasjon til valstyre/valfunksjonærar (arrangørar):**

Her finst det

- reglar og rettleiing
- rundskriv og e-brev
- valhandboka i elektronisk utgåve, med versjonar av rettleiingane som kan lastast ned
- skjema for presentasjon av kandidatar
- malar for rapporteringsskjema og lister utover det som finst i valmodulen
- annonsemalar – både til å laste ned og som kan redigerast i pdf-generatoren på [www.trykksak.kyrkja.no](http://www.trykksak.kyrkja.no)
- malar for kunngjeringar og informasjonsarbeid: plakatar, brosjyrar, sider i kyrkjelydsblad, innstikk o.a. – både til å laste ned og som kan redigerast i pdf-generatoren på [www.trykksak.kyrkja.no](http://www.trykksak.kyrkja.no)
- artikkelstoff
- idear til ulike fasar ved planlegging og gjennomføring
- oversikt over valmateriell og profileringsmateriell, og høve til å tinge slikt materiell
- kursmateriell og informasjon til valstyre og valfunksjonærar

## Kommunikasjonsstrategi: nasjonal, regional og lokal kommunikasjon

Kyrkja har gjennom arbeidet med kyrkjevalet i år eit unikt høve til å vise kva kyrkja er og gjer. Ei brei satsing på

kommunikasjon skal syte for at heile Noreg veit om kyrkjevalet 13. og 14. september 2015.

Det kjem til å bli utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi for kyrkjevalet i 2015. Dei ulike tiltaka skal utfylle kvarandre, slik at nasjonal og regional kommunikasjon støttar opp om den lokale informasjonen og skaper merksemd om valet. Nettsida og utsendinga av valkort er to av dei tiltaka som vil vere ein del av den totale kommunikasjonsplanen.

## Informasjonsplan

Den første informasjonsoppgåva er å lage ein enkel, men konkret plan for alt informasjonsarbeidet som må gjera i samband med valet. Ein person bør vere informasjonsansvarleg og få hovudansvaret for å følgje opp informasjonsplanen. Den informasjonsansvarlege eller ein annan person i valstyret kan få hovudansvaret for kontakt med media.

I tillegg til arbeid inn mot ulike medium lokalt rår vi på det sterke til å bruke det lokale kyrkjelydsbladet som ein aktiv informasjonskanal. Kyrkjelydsbladet når mange og er eit heilt nødvendig supplement til anna informasjonsarbeid. Det same vil heimesidene til kyrkjelyden vere, der slike sider finst. Produksjonsplanen til kyrkjelydsbladet bør om mogleg tilpassast behova for informasjon om Kyrkjevalet.

Informasjonsplanen skal dekkje dei lokale tiltaka og bør innehalde desse punkta (i stikkordsform):

### **Mål**

Døme på hovudmål:

- Gi medlemmene av Den norske kyrkja informasjon om at det skjer to val samtidig, og om at dei kan delta direkte i nominasjon og val av medlemmer til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet
- Sikre at medlemmer av Den norske kyrkja får nødvendig informasjon om vala til å kunne delta i val, både som veljarar og som kandidatar, om dei ønskjer det
- Vise medlemmer og andre at Den norske kyrkja er ein demokratisk organisasjon der medlemmene er velkomne til å påverke gjennom å velje og å stille til val
- Vise kva kyrkja gjer, og kva rolle ho speler
- Presentasjon av kandidatar

### **Målgrupper**

Kven ønskjer vi å nå med informasjonen?

### **Bodskap – kva ønskjer vi å seie?**

Til dømes:

- Kyrkja – meiningsfylt møtestad for alle
- Kyrkja – din medvandrar i glede og sorg
- Kyrkja er til for deg
- Det er di kyrkje
- «Derfor er vi engasjerte i kyrkjelyden vår»
- Informasjon om korleis kyrkja er organisert, røysterett, høve til nominasjon, tid og stad for val

### **Kanalar – annonsar, plakatar, nettsider, presse, møte, e-post osv.**

- |                            |                              |
|----------------------------|------------------------------|
| • Lokalavis                | • Plakatstader i vårt område |
| • Lokal-TV                 | • Gudstenester               |
| • Kyrkjelydsblad           | • Møte                       |
| • Nettsida til kyrkjelyden | • Osv.                       |
|                            |                              |

## Detaljert plan over informasjonstiltak – døme

Sjå øg sjekklistene for valstyret, som inneholder tidsfristar for viktige informasjonsoppgåver. Informasjonsplanen skal være endå meir detaljert når det gjeld kva som må gjerast.

Tiltak	Målgruppe	Bodskap	Kanal	Frist	Ansvar
<b>Kunngjering, kven som kan veljast, nominasjon</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det trengst kandidatar til sokne-rådsvalet. Desse kan veljast.</li> <li>Krav til lister</li> <li>Frist for å levere forslag til SR-komiteen. Mogleg å levere alternative lister.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Annonse i lokalavis</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	1. mars	NN
<b>Kunngjering av frist for innlevering av kandidatlister</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frist for innlevering av kandidatlister</li> <li>Krav til listeforslag</li> <li>Mogleg å levere alternative lister</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	1. mars	NN
<b>Kunngjering av ev. høve til supplerande nominasjon</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frist for innlevering av forslag ved supplerande nominasjon</li> <li>Krav til forslag og talet på forslagsstillarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	1.–8. mai	NN
<b>Kunngjering av vallister</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Desse kan veljast.</li> <li>Soknerådet – «styret» i kyrka di</li> <li>Derfor engasjerer eg meg i sokne-rådet (vi prøver å få lokalavisa til å intervjué éin eller fleire medlemmer av soknerådet, t.d. ho som stiller til val for tredje gong).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	8. juni	NN
<b>Kunngjering av tid og stad for valet</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Her kan du røyste</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	10. aug.	NN
<b>Kunngjering av stad for valet (førhandsrøysting)</b>	Alle medlemmer i soknet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Annonse: Kyrkjevalet (Annonsemal er å finne på kyrkja.no)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på annonsepllass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsidene til kyrkjelyden</li> <li>Nettsidene til kommunen</li> </ul>	10. aug.	Ein i staben
<b>Bodskap til ungdommen</b>	Unge i alderen 15–20 år (førstegongsveljarar)	<ul style="list-style-type: none"> <li>Som ung har du røysterett ved kyrkjevalet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass</li> <li>Kyrkjelydsblad</li> <li>Nettsider</li> <li>Møte i ungdomsklubben</li> </ul>	1. sept.	NN
<b>Kunngjering av vallister og stad for valet (like før valldagen)</b>	Alle innbyggjarar i soknet: Medlemmer med røysterett og ikkje-medlemmer som har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kyrkjeleg val samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalavis på redaksjonell plass og annonsepllass</li> </ul>	10. sept. og 12. sept.	NN

**Osb.**